

Valestiftinga

Årsmelding

2005

Føremåls-paragrafen:

”Valestiftinga skal ha til føremål på idelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper.”

Styremedlemer:

På valg 2008:

Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen

Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen

Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland

Arnfinn Mølster, vara Hans Petter Boge

På valg 2006:

Even Heimstad, vara Kjell Einar Thorkildsen

Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik

Sissel Årseth, vara Kristian Bringedal

Jarle Mehammer, vara Jorunn Avsnes

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar: Jarle Mehammer

Sekretær/skrivar: Sven Løkeland

Juridisk støtte: Synnøve Handeland

Leiar arbeidsutval Kaien: Arnfinn Mølster

Leiar arbeidsutval postvegen: Ove Tvedt

Leiar arbeidsutval Turvegar/Stiar: : Sven Løkeland

PR/Internet-ansvarleg: Kjell Einar Thorkildsen

Møter og arrangement 2005:

14.01.05 Bukkeball på Handeland

01.03.05 Årsmøte

26.04.05 Styremøte, arbeidsutvalg

05.06.05 Kulturvandring, samarb. med Valen oppvekstsenter/FAU

21.06.05 Styremøte, arbeidsutvalg

17.08.05 Møte/omvisning med Kontrollutvalget Hordaland Fylkeskommune

02.11.05 Møte/omvisning med Fylkesadm.

09.12.05 Styremøte / Årsavslutning på Buo

Prosjekt og aktivitetar

- Kaien og Buo
- Postvegen
- Turvegar / Stiar
- PR / Internet
- Fellesarrangement/Kulturvandring

Kaien og Buo

Arbeidsutval: Arnfinn Mølster, Rune Thorkildsen, Even Heimstad, Reidar Handeland, Sven Løkeland

Arbeid som er utført:

Kaien

Riving av det gamle kaidekket, utliggjarar, skråband og putetre. Nye utliggjarar er lagt ferdig på heile kaien. 60 kvm kaidekke er lagt mot sør. 90 kvm står no klar til å leggjast ut. 2 nye lyspålar er kjøpt inn og skal reisast før vi legg ut resten av dekket. Vidare skal det monterast skjørt rundt heile kaien, material for dette ligg klar.

Buo

Det er sett opp langbord og benker slik at bua kan brukast til enkle arrangement, men vi manglar fortsatt innlagt vatn og ei saniterløysing.

Vi har hatt besøk av rådgjevar frå Shl. Folkemuseum og fått ein del råd med omsyn til det vidare arbeidet med bua. Ny bordkledning og utskifting av vindu står som dei første aktivitetane vidare. Ferdigstilling av kaidekket har likevel høgste prioritet.

Det er totalt lagt ned om lag 270 dugnadstimar på kaien og Buo frå mai og ut året.

Postvegen 2005

Arbeidsutval : Jarle Mehammer, Karin Harsvik, Hans Petter Boge, Arnt Idar Teigen og Ove Tvedt.

Me har hatt 4 arbeidsutvalmøter der me har planlagd arbeidet og økonomien.

Dette er gjort i 2005:

- Synfaring, rydding langs vegen, istandsetting og restaurering av trase over Eikelandshaugen. (ca 400m)
- Istandsetting av vegkjerna opp Bakkabrekko
- Istandsetting av vegkjerna av gardsvegen Handeland gard / Handelandskleivo
- Grusing av heile postvegen sør, til saman ca 1500 m
- Grusing av postvegen over 186/33/39 (Arild Helland)
- Grusing av vegen opp frå riksvegen mot Teigadalen.
- Innkjøp av 730 tonn "Askøygrus" lagra på fotballbanen ved skulen,
- Synfaring på noko planlegging av restaureringsarbeid på "gamle Hellandsbrua", dette saman med Kulturkontoret og grunneigarane på Helland

Ca 2,3 km av postvegen gjennom Valen krins er no ferdig. Me har att ca 1,5 km (+ 700m frå Teigen til Hellandsbrua)

Det er utført 516 dugnadstimar (351 dugnadstimar og 165 dugnadstimar med maskin)

Turvegar / Stiar

Arbeidsutvalg: Sven Løkeland i samarbeid med Helse Fonna/Valen Sjukehus ved Ergoterapien og Folgefonn DPS Dagposten.

Til nå har vi opparbeidet om lag 3 km stier. Så langt er kostnadene til materialer båret av Valen sjukehus og Valestiftinga. I fortsettelsen må imidlertid Valestiftinga finansiere alle materialkostnader. Helse Fonna/Valen sjukehus vil kunne bidra med pasientinnsats og lån av traktor og verktøy, samt lønnsmidler til ledere.

Dette er gjort i 2005:

- Sagefallene
Det er opparbeida tursti og bruer i Sagefallene, langs Sørevalselva til tuftene av den gamle Fyrstikkfabrikken. Her er det satt opp gapahuk og grue/grillplass. Vidare er arbeid i gang med framføring av stien fram til Gamle Kraftstasjonen. Denne kulturstien er i løpet av året blitt en svært populær tursti i nærområdet. Stiene er og ført fram til området ved den nordre elva og sjukehuset sin gravplass. Arbeidet omfattar kultivering og merking.
- Turløype Gråskallen – Spiredalsruta
Det er opparbeida merka rundløype/turstirute frå Søsterheimen via Gråskallen, Spiredalen og vidare ned til Bjørkedalsdammen, langs denne og kryssar elva i overkant av dammen og ned på skogsbilvegen forbi Bjørkedalsdammen. Vidare går ruta vegen til Brattestølen til riksvegen ved Søre Valen eller forbi "Steinbrua" og lia ned til "Velteplassen" og vidare til utgangspunktet ved Søsterheimen. Turtid ca 60 minutt.
- Planlegging og søknader om oppføring av 10 rastehytter langs turløyper på Valen. Prototype er under godkjenning og vil bli sett opp ved "Nya Sago"

PR / Internet = Valestiftinga.no

Ny heimeside på Internet vart sett i drift 17. april 2005. Heimesida vår har hatt 4390 besøkande sidan oppstart. Mykje skryt har me hausta for flott utforming og innhald. Utfordringa vidare blir å halda sida dynamisk og oppdatert.

Fellesarrangement

Kulturvandring i samband med 100 års jubileet for unionoppløysinga i 1905. Eit utruleg vellukka arrangement den 5. juni 2005 i samarbeid med Valen Oppvekstsenter/FAU. Nærare 400 personar deltok i kulturvandringa som gjekk frå Skulen, rundt sjukehusområdet til Gamle Kraftstasjonen, Sagefallene og Valekaien med tilhøyrande innslag.

ØKONOMI

Valestiftinga har hatt ein god økonomi gjennom det første heile driftsåret til stiftinga. Både kai/sjøhus og postvegprosjektet har fått innvilga pengar etter søknader til lokale og regionale institusjonar. Ein hadde også håp om at ein søknad til sparebankstiftinga skulle gje resultat, men her vart det avslag.

For kai/sjøhusprosjektet har ein midlar til å gjennomføra planlagd arbeid i 2006. Her har ein også eit tilsegn om 20000,- i "Smil" midlar som vil bli utbetalt etterkvart som arbeid er utført. Postvegprosjektet har pr. dags dato ingen midlar att til vidareføring av prosjektet. Ein har munnlege tilsegn om meir "Smil" midlar for 2006. Ei stort lager med grus gjer at arbeidet likevel ikkje stoppar opp. I tillegg kan mykje arbeid utførast på dugnad. Dette gjeld særleg arbeid med hogging av trasé over Severin Eskeland sin eigedom og på Helland.

Det blir viktig å jobbe aktivt med å skaffe midlar til vidareføring av prosjekta i året som kjem også. Søknader til lokale/regionale institusjonar (bankar, kommune osv.) må følgjast opp, og lokalt næringsliv må utfordrast til å vera med. I tillegg kan eigne arrangement og samarbeidsarrangement bli viktige og nødvendige tiltak for å skaffa midlar til vidare drift.

OVERSIKT OVER BIDRAGSYTARAR I 2006

Namn	Sum
Valen fiske og jaktlag	5000,-
Sparebanken vest	60 000,-
KS Bank	25 000,-
P/L Fjellberg Kraftlag	35 000,-
Fagforbundet avd. kvh	1000,-
Statens Vegvesen	94 000,-
Sande & Far as	4000,-
Statens Landbruksforvaltning	27 000,-
Hordaland Fylkeskommune	20 000,-

Me takkar for all støtte i året som gjekk!

Styret 21.03.2006
v/Reidar Handeland
Leiar